



Norsk institutt for naturforskning

7485 Trondheim
erlend.nilsen@nina.no

Dato: 02.07.2015
Vår ref.: 2015/295-21
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.: 15S3587A

TILSKOT TIL VILTFORMÅL 2015 - Tilsegn om tilskot inntil kr 40 000 til prosjekt Hønsefuglportalen 2015

Tilsegnsnr. 2015/295-21

Søknaden sitt referansenummer i Elektronisk Søknadssenter i Miljødirektoratet: 15S3587A.

Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 40 000 til prosjektet "Hønsefuglportalen 2015".

Vi viser til søknaden dykkar datert 15.01.2015, og politisk vedtak i Kultur- og ressursutvalet, 02.06.2015, [sak PS 113/2015](#). Direkte lenkje til saksframlegg (pdf-fil): <http://bit.ly/1RTfyOd>.

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing innan forvaltninga av haustbare ikkje truga viltartar, med bakgrunn i løyving under den statlege tilskotsordninga til viltformål, kap. 1425 post 71, underpost 3, jf. Klima- og Miljødepartementet sitt rundskriv T-1/14 Tilskotsordningar for 2015 – Tilskot til viltformål.

Tilsegna gjeld til 01.11.2016.

1. PROSJEKTGRUNNLAG

Tilskotet utgjør støtte til etableringa av den nasjonale Hønsefuglportalen, ein nasjonal portal for ryper og skogsfugl (sjå NINA minirapport 423, 2013). Målet med Hønsefuglportalen er å sikre ei langsiktig ivaretaking av kvalitetssikra data frå hønsefugltaksering i Noreg. Hausten 2013 vart ein testversjon av Hønsefuglportalen utvikla, og hausten 2014 vart aktiviteten utvida til å dekke heile landet. Hordaland fylkeskommune støtta prosjektet i 2014. I 2015 skal tilskotet frå Hordaland fylkeskommune nyttast til å sikre kvaliteten på den gjennomførte aktiviteten og til å føreta strategiske utvidingar av takseringsaktiviteten i dei delar av landet som er dårlegast dekkja pr. i dag. Sjå nærare skildring av aktiviteten i prosjektet i 2015 i eige vedlegg til søknaden.

Det vert forventa at tilskot frå fylkeskommunen i 2015 går til tiltak i fylket, ut frå presiseringa i rundskriv T-1/14 (Tilskotsordningar for 2015), om at søknader som gjeld haustbare viltartar skal adresserast til fylkeskommunen i det fylket der tiltaket skal gjennomførast.

2. PROSJEKTORGANISERING

Prosjektansvarleg/tilsegns mottakar: Norsk institutt for naturforskning
Prosjektleiar: Erlend B. Nilsen

3. GODKJENDE KOSTNADER OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

Godkjende kostnader

Løn (eigen)	kr	300 000
Løn (leigd)	kr	50 000
Sum	kr	350 000

Godkjend finansieringsplan

Eigne midlar	kr	70 000
Anna finansiering	kr	80 000
Anna finansiering frå miljøforvaltinga	kr	160 000
Hordaland fylkeskommune 2015, budsjettområde 160.404	kr	40 000
Sum	kr	350 000

4. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 2 månader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

- Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.
- *Sluttrapporten* skal seie noko om:
 - ◊ Bakgrunn for prosjektet
 - ◊ Mål med prosjektet
 - ◊ Oppnådde resultat
 - ◊ Vurdering mot oppsette mål
 - ◊ Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)
 - ◊ Eventuell vidareføring av prosjektet
- Mottakar av tilskot skal innan søknad om sluttutbetaling også levere sluttrapport og sluttrekneskap i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter, jf. krav til rapportering i [Forskrift om tilskudd til viltformål § 4](#).

Utbetaling

- Tilsegnsmottakar skal så snart prosjektet er avslutta sende sluttrapport og signert sluttrekneskapsskjema for prosjektet til fylkeskommunen (vedlagt). Dette gir grunnlag for utbetaling.

Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.
- Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingsreglement §10

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Jomar Ragnhildstveit, jomar.ragnhildstveit@hfk.no tlf. 55 23 93 08.

Fylkeskommunen ønskjer lukke til med gjennomføringa av prosjektet!

Med helsing

Gudrun Mathisen
leiar

Jomar Ragnhildstveit
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Akseptskjema
Sluttrekneskapsskjema

Tilsegnsmottakar må så snart tilsegnsbrevet er motteke signere vedlagte akseptskjema og sende i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 2 månader.

AKSEPTSKJEMA for Tilskot til viltformål 2015

Prosjektnamn: Hønefuglportalen 2015	Tilsegnsnr: 2015/295-21
Tilskot inntil kr: 40 000,-	
Tilskotet gjeld til: 01.11.2016	Vår ref. 2015/295-21

Fyllast ut av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

Org. nr.: _____ Kto.nr.bank/post: _____

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Signatur:..... Stad:..... Dato:.....

Prosjektansvarleg

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

